

Rådmannen sa nei til gongvegen

22.09.2011



Gongvegen skal gå til venstre for bilvegen

Det var rådmannen som i ellevte time fann det økonomisk uforsvarleg å satsa på gong- og sykkelveg no mellom busslomma og skulen og sa nei til løvvinga.
Dette kom fram under pressekonferansen i ettermiddag der fleire stilte seg utforståande til rettretten med kostnaden som grunngjaving.

Så seint som for eitpar veker siden satt ordførarkandidatane i Aktivitetshuset og sa at den kommunale økonomi var god og dei sa seg viljuge til å prioritera trafikksikkerheit i området.
Ekstraløvinga som skal til for å byggje bana der det likevel skal leggast ein kloakkgrøft vil vera 250 000-300 000 kroner, har uskedalen.no grunn til å tru.



Så trøngt blir det når ein bil møter gåande: Foran frå venstre Jonas, Ingrid, Sondre, Bak frå venstre Hildegunn Klette, Maria Elisabeth Kaldestad Janne Olsson og Bjørn Olav Tveit

- Denne saka har utløst mykje hovudristing i bygda dei siste dagane, sa leiar for Aktivitetshuset Bjørn Olav Tveit under pressekonferansen. Ellers var rektor, FAU-leiar, idrettslaget og Uskedalen Utvikling representerte og alle gav uttrykk for undring over kommunaleiinga og dens handlemåte. Det dreier seg berre om ein vegstump på rundt rekna 150 meter og grunnen er sikra medan det er innhenta tilbod på kloakkgrøfta.

Rektor har gjeve uttrykk for at det også er ynskjeleg å lage ein større parkeringsplass men den er ikkje planlagt i denne omgangen men den er ikkje på teiknebrettet no..

Det er ein stor konsentrasjon av trafikk langs den aktuelle strekninga frå tidleg om morgonen til seint på kvelden, tildels i mørke, og ulukkesfårå er stor..

Fåra er stor også inne på skuleplassen, understreka Tveit og rektor Marie Elisabeth Kaldestad nytta ordet livsfårleg.

Tveit sa at det manglar tenking rundt trafikksikkerheit i området.
Leiar i idrettslaget Bjarne Lilleaas meinte det var nok med ein 2 meter brei gongveg

Han minte om at dette er ein skule i vekst med 20 ansatte og 120 elevar som skal oppgraderast i alle tilfelle frå neste år.
Ved å gjennomføra vegprosjektet no blir ein betydeleg sum spara.

Det har i dag vore kontakt om saka på høgaste politiske hald utan at det har ført til noko resultat førebels. Arbeidet med kloakkgrøfta må skje i haustferien fordi vegen må stengjast og meinингa var å leggja vegen oppå grøfta. Det hastar med prosjektet på grunn av byggjinga til Kvinnherad Vekst (tidlegare AFA).

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen